



NORDDAL KOMMUNE

Næringsavdelinga

SKOTPREMIE PÅ REV I NORDDAL KOMMUNE

RAPPORTERING

For å drive jakt og fangst må ein betale jegeravgift

Namn:..... Adresse:.....

Telefon:..... E- post:.....

Dato:..... Underskrift av jeger:.....

Kontonummer:.....

Kor vart dyret skote ?..... Merkast av på kart på baksida

Dato:.....Kven er grunneigar ?.....

Hodyr:..... Hanndyr:..... (set kryss)

Reven skal visast fram for ein medlem av rovviltutvalet rett etter at den er skoten. Som kontroll skal minst 2 klør klippast av på høgre framfot.

Asgeir Heggen, Jarle Hauge og Øystein Klempe er medlem av rovviltutvalet.

For rovviltutvalet


Reven er vist fram av

Dato:..... Underskrift rovviltutvalet:.....

For kommunen

Skotpremie på kr 500,- pr. dyr er utbetalt til kontonummer.....

Dato:..... Underskrift kommunen:.....



Skotpremie på rev i Norddal kommune
Godkjent av kommunestyret i møte 16.09.2010 sak 060/10.

1. Med heimel i Lov om viltet § 51, samt delegasjonsbrev frå Fylkesmannen til kommunane av 16.02.2001 vert det innført skotpremie på rev som er skoten i Norddal kommune. Ordninga gjeld rev som er avliva etter jakt og fangst, men gjeld ikkje for trafikdrepte dyr.
2. Skotpremien blir innført med bakgrunn i den dokumenterte skaden reven gjer spesielt på lam om våren. Jakttida er frå og med 15. juli til og med 15. april. Etter § 10 i viltlova er det jaktforbod i tida frå og med 24. desember til og med 31. desember og på langfredag, påskeaften og første påskedag. Hiuttak er forbode.
3. Skotpremien er på kr 500,- og blir finansiert som eit spleiselag der Norddal kommune betaler kr 300,- pr dyr og resten av beløpet kr 200,- blir betalt med like store delar av Valdalen Jeger- og Fiskeforening, Valdalen Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Valdalen og Fjorå Beitelag og Eidsdal og Norddal Sau og Geit.
4. Kommunen sender refusjonskrav til dei som er med i finansieringsordninga ein gang i året og seinast 15. januar kvart år.
5. Det er kommunen som administrerer ordninga. Skotplassen skal avmerkast på kart. Alle felte dyr blir premierte ved å vise heile dyret fram for eit medlem av rovviltutvalet. Dyra skal merkast ved klipping av klørne på framfotene. Kommunen betaler deretter ut skotpremie til jeger.
6. Rovviltutvalet fører liste over alle felte dyr. Dette skal leggast fram til orientering for kommunen. Endringar av skotpremien skal handsamast av kommunen.